



Rapport frå arbeidet i CEN/TC164/WG9 – Kjemikalie til handsaming av drikkevatn

Av Karl-Jan Erstad, Rådgivande Agronomar AS

Introduksjon

Arbeidsgruppa 9 (WG9 Vassverks-kjemikalie) hadde sitt 49. møte 10. april 2019 hos AFNOR i Paris, Det franske standardiseringsforbundet, som også er sekretariat. Naturleg nok er då også leiaren i gruppa fransk. Heile 18 ekspertar frå 8 land, Frankrike med flest ekspertar, deretter Tyskland, Nederland, Belgia, Storbritannia, Finland, Sverige og Noreg, stilte opp på møtet.

TG7 (Skaldannings- og korrosjons-hindrarar) har fått Mr. Elimarango (D) som etterfølgar for Mr. André Quartier (D), men var ikkje til stades denne gongen. Vidare hadde Mrs. Carinne Mangeruca (F) tatt over for Mr. Xavier Darok (F) i TG11 (Kjemikalie for symjebasseng). Sistnemnde er påtroppande leiar for sjølvé WG9 etter Mr. Bernard Leroy (F).

Mr. Daniel Maringer (D) trer no gradvis inn for Dr. Hartmut Bartel, begge i Umwelt Bundesamt, idet sistnemnde person frå sommaren av går i pensjon. Sverige møtte med Mr. Behrang Gilanpour, Ozontech AB, og det er over 10 år sidan sist vårt naboland tok del i WG9-møta.

Aktivitetsrapport frå TC164/WG9

Som i tidlegare periodar har TG6 høg aktivitet i sitt arbeid, og det same må understrekast for TG11. Som rutine hadde desse to gruppene eigne samlingar dagen før dette møtet, like så TG3 i sitt arbeid med svovel-, fosfor- og ammonium-sambindingar.

Al- og Fe-salt til flokkulering

Den finske leiarskapen har sett opp eit arbeidsprogram med revisjon av 12 standardar, og det startar i nærmøte.

Det vert også gjennomgang og analyse av resultat etter fullførte høyringar på EN 885 Polyaluminiumhydroksidkloridsilikat og EN 886 Polyaluminiumhydroksidsilikatsulfat (systematisk revisjon).

NaCl til innbyting og elektroklorering ved membranteknikk

Det vert gjennomgang og analyse av resultat etter fullførte høyringar på 12 standardar (systematisk revisjon).

Nokre standardar på NaCl vert flytta til TG6 – det som gjeld elektroklorinering på staden for direkte bruk. Det er gjort framlegg om betre merking av bulkvare, storsekkar og tønner med spesielt farlege kjemikalie (som t.d. natriumkloritt og -hypokloritt), og det vart understreka som underliggende regulering at dette er eit alt eksisterande krav.

Svovel-, fosfor- og ammonium-sambindingar

Det vert fremja spørsmål til medlemslanda om ønske om å fjerne EN 12173 Natriumfluorid og EN 12386 Koparsulfat. Tyskland som alt har nasjonalt forbod, grunngitt etter eige HMT-regelverk, påpeikte at det finst alternative kjemi-

kalie for bruksområda. Det er ønske om tilbake-trekking av desse også frå WG9 si side.

Kalkprodukt

Leiaren var ikkje til stades på dette møtet, og sekretären, Dr. Hans-Michael Schiffner (D), refererte frå arbeidet i gruppa, med møte i Elnesvågen ved Molde 23. mai og i Hahnstätten ved Frankfurt 25. oktober siste året.

EN 1018 Kalsiumkarbonat er under revisjon, med jamstelling av porøst og ikkje-porøst materiale m.o.t. reinleik av karbonat.

Systematisk revisjon av EN 1017 Halvbrent dolomitt vert programmatisk gjennomført i 2019. Det vil i første rekke medføre at den eksisterande standarden og det tillagte A1 *Corrigendum*, der grenseverdiar under Type 1 for spor-elementa for Pb (bly) og for Se (selen) var feil og hadde vorte retta, no vert slått saman til ein konsolidert standard.

prEN 936 Karbondioksid er på Teknisk høyring (*CEN enquiry*) etter revisjon inntil 14. juni.

Desinfeksjonsmiddel

Tittelen for denne oppdragsgruppa skal avspegle at ein arbeider også med ei rekke ulike saniterande kjemikalie.

For eit ustabilt kjemikalie som er gitt i EN 938/prA1 Natriumkloritt, vart det presisert at det skal vere betre merking av krav til lagring (kjølelager) og tydeleg påskrift for haldbarleiksdata. Bruk av produkt utover denne datoен må vurderast i samsvar med ny passus i Informativ Anneks (risikoanalyse, måling av reinleik for aktiv substans).

Det vert gjennomgang og analyse av resultat etter systematisk revisjon av og påfølgande høyringar for fire standardar.

Skaldannings- og korrosjonshindrarar

Etter høyringsrunde vert det analyse av resultat etter systematisk revisjon for 15 standardar.

I arbeidsprogrammet står ein framføre revisjonar for EN 15039 Polykarboksylsyrer og -salt og EN 15040 Fosfonsyrer og -salt.

Etter britisk framlegg viste det seg tilstrekkeleg interesse mellom medlemsland for standardise-

ring av sitronsyre. Sitronsyre vert spesielt brukt for å løyse opp fellingar i membranar ved reinestrinn og returspyling av membranane.

Organiske hjelpemiddel til koagulering

Endeleg med ny leiar har ein etablert eit nytt arbeidsprogram som omfattar muleg revisjon av heile fire standardar.

Organiske støtte- og filtermateriale

17. oktober 2018 var det møte i oppdragsgruppa. Arbeidsprogrammet omfattar no 12 aktive arbeidstema – 11 på systematisk revisjon og eitt nytt tema, det siste vedkomande glasseng og glasbedd som filtreringssystem i vassverk.

Vidare vert det analyse av resultat etter høyringar som følgde etter systematisk revisjon av 16 standardar.

Ei ny sak hadde kome opp vedrørande fritt aluminium frå aktivert kol, spesielt regenerert, tidlegare brukt kol. Nivåa for Al kunne vere ganske høge ved første bruk, og resultat av desse undersøkingane i Nederland hadde skapt uro. Vi har 1/10-regelen som seier at berre 10% av grenseverdi for ei ureining i drikkevatn skal kunne stamme frå eit kjemikalie. For Al er grenseverdien 100 µg/liter. Men 1/10-regelen gjeld berre for kjemikalie som er i direkte dosering, ikkje filtermateriale. Aktivt kol kan i fersk tilstand tilbakespylanst intensit i starten av bruksperioden, og dermed unngå høge Al-verdiar ut på leidningsnettet. Råd om dette kan takast inn i Informativt Anneks A.

Kjemikalie for symjebasseng

Det vert gjennomgang og analyse av resultat etter fullførte høyringar på 11 standardar (systematisk revisjon).

Også for symjebassengvatn vert det arbeid vidare med ein standard for glasseng/glasbedd som filtermaterial.

Ionebyttar-resinar, kjelaterte

Det har stadig vore problem med krevjande standardar på metodikk, like så sok etter ny

leiari, og Dow Company (D) har lenge lovd å frå fram ein person til å leie arbeidet. Ein person har no nett meldt sitt kandidatur.

Andre saker

Standardisering på produksjon av biocid på bruksstaden

Det hadde kome ei tysk oppmoding om standardisering på produksjon og dosering av biocid på bruksstaden. Dette galdt for handsaming av vatn for diverse, forskjellige aktive substansar. Det var presentert av Dr. Matthias Hoffmann, BWT (Best Water Technology) som gjest på møtet (ikkje utnemnd ekspert). Det var påpeikt at det var trøng for standardar også for produksjonsutstyr brukt på staden, og som det alt er gjort i Tyskland.

Diskusjonen viste at ein må vere forsiktig med omtale av enkeltutstyr eller type instruksjoner, heller krav til ytting på hoved- og sideprodukt av framstilte kjemikalier. Dette vart det raskt semje om i møtet.

Debatten elles viste at kanskje passar utstyrstandardisering betre i WG13 under CEN/TC164, i staden for i denne WG9, men ein ville heller ikkje gi frå seg arbeidet med sjølve kjemikaliet. Truleg kan det verte ei fellesgruppe mellom WG9 og WG13, gjennom ei sak fremja til avgjersle på TC164-nivået.

Regulerte kjemikalie i produkt

Sekretariatet informerte om framlegg til ein ny CEN-komit  : «Regulerte kjemikalie i produkt».

Informasjon om fare- og tryggleiks-symbol (piktogram)

For standardiseringsarbeidet i oppdragsgruppene presenterte sekretariatet ein gjennomgang for dei piktogramma som er mest aktuelle    nytte i vår utforming av dokumenta.

Tittel for WG9

Som kort og fyndig namn innunder TC 164 vil arbeidsgruppa no bere namnet «Kjemikalie for handsaming av vatn» (*Water treatment*).

Fordi denne namnsettinga berre er innan TC 164, er det ingen fare for at det vert vurdert som meir omfattande, alts   andre typar vatn som t.d. fr   avl  p og drenering.

Neste m  te

Neste m  te i CEN/TC164/WG9 vert onsdag 13. mai 2019 i Elnesv  gen ved Molde.

M  te i TG6 og TG11 vert som vanleg haldne i forekant, tysdag 12. mai.